

MOTTATT

22 JUNI 2011

MISF

PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Skei Hotell, Jølster
Dato: Måndag 9. mai 2011
Tid: 11:00 - 13:30
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar m.fl.

Rådsordførar Nils R. Sandal hadde meldt fråfall til rådsmøte, Astrid Myran Aarvik ønskte møtedeltakarane velkomne og starta møtet med opprop.

SAK 1/2011 Godkjenning av innkalling

Merknad:
Maria Hjelmeland fremma forslag om at innkallinga ikkje vart godkjent grunna manglande vedlegg.

Vedtak:
Innkalling vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

SAK 2/2011 Godkjenning av saklista

Protokolltilførsel:
Maria Hjelmeland fremma forslag om at saklista ikkje vart godkjent grunna manglande vedlegg.

Vedtak:
Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

SAK 3/2011 Konstituering:

Val av møteiar:
Astrid Myran Aarvik vart vald

Val av sekretær:
Administrasjonen v/ Inge Bent Arnestad

Val av to personar til å skrive under møteboka:
Anders Folkman og Odd Stubhaug vart vald

SAK 4/2011 Godkjenning av årsmelding 2010

Vedtak:
Framlagt årsmelding for 2010 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

SAK 5/2011 Godkjenning av rekneskap 2010

Vedtak:

Framlagt rekneskap for 2010 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

SAK 6/2010 Budsjett 2011

Vedtak:

Framlagt budsjett for 2011 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

SAK 7/2010 Strategiplan 2011 - 2014

Vedtak:

Framlagt Strategiplan 2011 – 2014 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmedlemmar

SAK 8/2011 Godtgjering til styret

Vedtak:

Framlagt forslaget frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt

SAK 9/2011 Val etter vedtektene

Val av ein medlemmar til styret;

Valnemnda har motteke søknad frå styremedlem Anne Mette Hjelle om fritak frå sitt styreverv for dei siste to år, og ber rådet vurdere søknaden.

Vedtak:

Søknad frå Anne Mette Hjelle om fritak styreverv vert samrøystes godkjent

Frå valnemnda låg det føre følgjande samrøystes tilråding til styret;

Styremedlem Olin Johanne Henden vert vald som styremedlem i fire nye år.

Varamedlem Dag Vanberg vert vald som varamedlem i fire nye år.

Nils Gjerland vert vald som ny styremedlem for Anne Mette Hjelle i to år.

Endringsframlegg:

Maria Hjelmeland foreslo Arild H. Eriksen som styremedlem i staden for Olin Johanne Henden i fire år.

Avrøysting:

Olin Johanne Henden fekk 10 stemmer og Arild H. Eriksen fekk 5 stemmer, 2 stemmer på annan kandidat.

Endringsframlegg:

Maria Hjelmeland foreslo Arild H. Eriksen som styremedlem i staden for Nils Gjerland i to år.

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Avrøysting:

Nils Gjerland fekk 8 stemmer og Arild H. Eriksen fekk 9 stemmer.

Dette gjer slikt endeleg vedtak:

Styremedlem: Olin Johanne Henden, 6823 Sandane

Varamedlem: Dag Vanberg, 6793 Innvik

Styremedlem: Arild H. Eriksen

Olin Johanne Henden med vara Dag Vanberg er vald for fire år.

Arild H. Eriksen er vald for to år.

Val av ein medlem til valnemnda:

Astrid Myran Aarvik går ut etter loddtrekking.

Det var sett fram forslag om at Astrid Myran Aarvik stiller til attval.

Endringsframlegg:

Maryan G Mundal foreslo Maria Hjelmeland som ny medlem i valnemnda i staden for Astrid Myran Aarvik i tre år.

Avrøysting:

Maria Hjelmeland fekk 5 stemmer og Astrid Myran Aarvik fekk 11 stemmer, ei stemme var blank.

Dette gjer slikt endeleg vedtak:

Astrid Myran Aarvik er vald i tre år.

Anders Ryssdal og Nils Gjerland er med vidare, den eine går ut etter loddtrekning.

Val av ordførar og varaordførar i rådet:

Framlegg:

Fylkesordførar vert vald som ordførar i to år.

Astrid Myran Aarvik vert vald som varaordførar i to år.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gjer slikt endeleg vedtak:


Fylkesordførar vert vald som ordførar i to år.

Astrid Myran Aarvik vert vald som varaordførar i to år.

Skei i Jølster, 9. mai 2011


Astrid Myran Aarvik


Anders Folkman


Odd Stubhaug